

# Forfattaromtalar

**Ørjan Zazzera Johansen:** f. 1974 i Stavanger. Oppvokst og busett på Bryne. Mastergrad i lesevitenskap frå Universitetet i Stavanger 2010, forfattarutdanning frå Skrivekunstakademiet i Hordaland og Litterär gestaltning ved Gøteborgs universitet. Har skrive boka Blod, svette og tåskudd om Rosseland Ballklubb og romanen Vent på meg, Diego. Formidlar og informasjonsansvarleg ved Garborgsenteret sidan 2011.

**Per Inge Bøe:** f. 1971 i Stavanger. Busett på Hundvåg. Hovudfag i historie frå NTNU Trondheim i 2002. Har skrive boka Frå Dalane til Amerika og bidratt med fleire historiske artiklar. Prosjektsjef ved Jærmuseet sidan 2017.

**Ivar Hognestad:** f. 1964 på Bryne, der han også bur. Han har utdanning frå BI og arbeider i oljebransjen med HMS og kvalitetsstyring.

**Inger Lise Belsvik:** f. 1961 i Sandnes. Busett på Bryne. Illustratør, grafikar og barnebokforfattar. Studerte illustrasjon ved Kingston University 1990–1991, grafisk design ved Statens Håndverks- og Kunstindustriskole 1991–1992, forfattarutdanning for barne- og ungdomslitteratur ved Norsk barnebokinstitutt 2006–2007. Har illustrert bøker av Arne Garborg, Arnljot Eggen, Rønnaug Kleiva, Eva Jensen, Rune Belsvik, Odd Nordstoga, Erna Osland, Olav H. Hauge, Halldis Moren Vesaas og Bjørn

Sortland m.fl. Kulturdepartementets illustrasjonspris i 1997 og 2004. To gonger gull i Årets vakreste bøker.

**Jorunn Osland:** f. 1978 i Stavanger. Oppvaksen og busett på Bryne. Utdanna lektor med mastergrad i nordisk frå Universitetet i Bergen 2007. Lang fartstid innan norskspråk, og då spesielt i Noregs Ungdomslag, der arva etter Hulda Garborg vert forvalta i dag, gjennom folkedans, - musikk og bunadsarbeid. Museumslektor ved Garborgsenteret sidan 2010.

**Jeanne Dalbu:** f. 1984 på Lørenskog. Utdanna museolog frå Universitetet i Oslo 2012. Har skrive artikkelen Fel-

lesmagasiner – De nye forvalterne? i boka Museologer på museum. Prosjekteiar ved Samlingsteam Rogaland sidan 2017

**Knut G. Austad:** f. 1960, frå Bygland i Setesdal. Lektor, cand. philol., med hovudfag i historie frå NTNU, Trondheim 1996. Har arbeidd ved Jærmuseet sidan 1996. Undervisningsleiar med ansvar for Vitengarden og lokale anlegg.

**Hans Torgny Indrebø:** f. 1939 i Randaberg, busett på Nærbø. Pensjonert rektor og lærar. Har skrive ei rad lokalhistoriske artiklar.